

# Møteprotokoll

**Utval:** Ålfotbreen verneområdestyre  
**Møtestad:** Flora samfunnshus, Florø  
**Dato:** 19.10.2017  
**Tidspunkt:** 10:00 – 13:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hege Lothe	Leder	
Jan Henrik Nygård	Medlem	
Gunn Sande	Medlem	

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marius Strømmen	NESTL	

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 6/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 7/2017	Godkjenning av protokoll frå førre møte		
RS 3/2017	Orienteringssaker		
ST 8/2017	Ålfotbreen verneområdestyre - Retningslinjer for drone		2017/3308
RS 4/2017	Besøksstrategi - status		
RS 5/2017	Presentasjon av reportasjar frå artikkelserie		
ST 9/2017	Eventuelt		

## **ST 6/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

## **ST 7/2017 Godkjenning av protokoll frå førre møte**

### **Framlegg til vedtak:**

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert

### **Vedtak:**

Protokoll frå førre møte vart godkjent. Den vert signert på neste møte.

## **RS 3/2017 Orienteringssaker**

- **Tiltak**

- Flora turlag og anleggsgartnerfirma Grønne Fingre har i oppdrag å bytte ut ein stige på ruta mellom Blåbrebu og breen.
- Prosjektet med artikkelserie på nett /nettmagasin. Kjem tilbake til stoda her. Vil nok gå med litt av årets tiltaksmidlar
- Ikkje gjort noko konkret i felt med Hope-Lavesteinen.

Rune og eg har gått langs stien og laga ein grov tiltaksplan:

- Del 1: legge om traseen til tørrare og mindre rasutsett område
- Del 2: Ganske bra tilstand, grøfte litt vatn
- Del 3: Utfordring med mykje vatn. Mykje gøfter og og renner må til for å kontrollere og leie vatn.

Vi har gått vekk i frå steinsetting / sherpasti. Det er ikkje hensiktsmessig og veldig dyrt.

- **Statsbudsjett 2018**

I regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett er det lagt inn 74 MNOK i posten 1420.31 Tiltak i verna natur. Dette er auke frå 2017 og etter det eg kan sjå meir enn nokon gong.

No veit vi ikkje noko om kva som vert endeleg vedteke og korleis dette skal prioriterast og fordelast, men det er i alle fall håp om bra tildeling i 2018.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	8/2017	19.10.2017

## Ålfotbreen verneområdestyre - Retningslinjer for drone

### Handsaming i styret

Styret ynskjer vil legge seg på ei restriktiv linje gjeldande bruk av droner i landskapsvernområdet.

Til visse føremål bør det likevel vere opning for å gje løyve til bruk av drone, etter søknad og sakshandsaming. Desse føremåla kan til dømes vere søk etter beitedyr og tilsyn med installasjonar og anlegg.

Det kan og vere aktuelt å gje løyve til bruk av drone i samband med filmproduksjon. Det må då bygge på ei vurdering av kva som skal formidlast i filmen.

Kurante saker som er omtala i retningslinjer bør kunne handsamast av forvaltar med delegert mynde. Meir kompliserte saker bør leggest fram for styret for handsaming der.

### Vedtak:

Verneområdeforvaltar lagar framlegg til retningslinjer for søknader om bruk av drone, basert på innspel som styret kom med i møtet. Framlegget vert lagt fram for styret på neste møte.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn

Bruken av ulike typar droner har eksplodert dei siste åre, og droner har meir eller mindre blitt allemannseige. Droner vert brukt til alt frå reine leikety, via filmproduksjon og foto, til inspeksjon av infrastruktur og liknande. Særleg i samband med film og foto ynskjer mange å bruke droner i naturen, både i verna natur og utanfor verneområde.

Verneforskrifter og andre regelverk er som regel skrivne og vedtekne før dette med droner kom på bana. Vi har derfor ikkje oppdaterte regelverk som kan regulere bruken av droner og sakshandsaming i samband med eventuelle søknader om bruk av drone i verneområdet.

I nokre nasjonalparkar og verneområde har det vore mange saker om dronebruk. No ser vi at dei første spørsmåla byrjar å kome her i samband med Naustdal-Gjengedal og.

Verneområdestyret bør derfor utarbeide nokre retningslinjer for korleis slike saker skal handsamast.

### Regelverket

Droner står ikkje nemnd i verneforskrifta. Men der er likevel nokre reglar som gjeld for droner og for liknande farkostar:

#### § 3. Vernereglar

*6.2 Unødvendig støy skal unngås. Det er ikkje tillate å bruke motor på modellfly, modellbåt o.l.*

Dette generelle forbodet mot støy vil gjelde droner, sidan dei fell inn under definisjonen «modellfly, modellbåt og liknande». Bruk av drone må derfor ha dispensasjon frå regelverket, i praksis gjennom den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48.

Bruk av drone vert ikkje rekna som motorferdsel etter Lov om motorferdsel i utmark. Det er laga ei eiga forskrift som gjeld for bruk av «luftfartøy som ikkje har fører om bord mv., som regulerer bruk av drone. I Ålfotbreen er det altså forbod mot unødig støy som regulerer dronebruk og ikkje reglane for motorferdsel.

Dei aller fleste søknader om bruk av drone må ein altså vurdere etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48. Og då er første ledd og første alternativ som er mest aktuell;

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, [...]»*

I tillegg må det gjerast vurderingar i kvart enkelt tilfelle opp mot naturmangfaldlova § 8-12.

## **Handsaming i styret**

Verneområdestyret må gjere nokre vurderingar og legge nokre retningsliner gjeldande bruk av drone i verneområdet:

- I kva grad er droner i strid med verneføremål og verneverdiar?
- Vil det vere aktuelt å gje løyve til bruk av drone til visse føremål?
- Kva føremål skal det i so fall gjelde for?
- Kva vilkår bør leggast for eventuelle løyver?
- Sakshandsaming.

## ***I kva grad er droner i strid med verneføremål og verneverdiar?***

Føremålet med vernet av Ålfotbreen LVO finn vi i verneforskrifta § 2:

### **§ 2 FØREMÅL**

*Føremålet med vernet er å:*

- *Ta vare på eit eigenarta, vakkert og kontrastrikt naturlandskap med dei vestlegaste og mest oseanisk påverka isbreane i Noreg.*
- *Bevare utan større tekniske inngrep dei storslåtte og særprega devonske landskaps-formene, og heile breidda av naturtypar i overgangen frå høg fjell og bre til elver og vatn, skogkledde dalar og fjordlier med varmekjær lauvskog.*
- *Ta vare på det biologiske mangfaldet og kulturlandskap som finst i området.*

*Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.*

Der er ikkje nokon moment i verneføremålet som bruk av drone er klart i strid med. Men, unødvendig og omfattande bruk av drone vil kunne vere i strid med siste setning i verneføremålet, om ålmenta sitt høve til naturoppleving.

Det står tydeleg i verneforskrifta at unødig støy er forbode, og at drone og liknande fell inn under dette forbodet. Det er derfor ingen tvil om at unødvendig bruk av drone er i strid med regelverket. Men, det er samstundes ein opning for å gje løyve til ein avgrensa og regulert bruk av drone til fornuftige og nyttige føremål, med heimel i nml § 48. Ver likevel klar over at denne dispensasjonsheimelen berre skal brukast unntaksvis. Det skal vere strenge vilkår for å bruke denne og den skal ikkje brukast til å uthole innhaldet i vernereglane.

## ***Vil det vere aktuelt å gje løyve til bruk av drone til visse føremål?***

Det er eit spørsmål som styret må ta stilling til. Det er som sagt heimel til å gje løyve til ein viss bruk av drone. Det er i stor grad opp til styret å regulere føremål og vilkår for slike løyver.

### ***Kva føremål skal det i so fall gjelde for?***

Her må styret i so fall sette opp nokre retningslinjer.

Vi kan sjå føre oss ulike føremål med dronebruk:

- Reklame
- Marknadsføring av destinasjon
- Naturprogram
- Filme opplevingar og friluftsliv
- Leik og moro
- Søk etter beitedyr og anna dyreliv
- Arrangement
- Forsking
- Underhaldningsprogram/film/tv-produksjon

Det seier seg sjølv at ein ikkje kan opne for alle desse føremåla. Ein må derfor finne ut korleis ein kan/bør avgrense det.

Andre nasjonalparker og verneområde har gjort eit skilje på kva som skal presenterast gjennom dronefilming. Der ein kan gje løyve til dronefilming der ein skal presentere eller formidle sjølve verneområdet og naturen der og det er den som er i fokus. Medan ein ikkje gjev løyve til dronefilming der til dømes ekstremспорт, aktivitet, eit produkt eller eit arrangement er i fokus.

Eg vil og meine at forskning og søk etter beitedyr er noko ein bør kunne gje løyve til.

### ***Vilkår***

Ved eventuelle løyve til bruk av drone, bør det leggest ved nokre vilkår som sikrar at bruken vert innanfor visse rammer og ikkje har negativ innverknad på andre brukarar eller sårbare naturverdiar.

Dømer:

- Unngå helgar og heilag dagar når det er flest friluftsbukarar ute.
- Minne om forskrifta for droner og liknande.
- Unngå hekketida for fugl.
- Rapport til forvaltninga etterpå.

### ***Sakshandsaming***

Bruk av drone må normalt søkjast om med mindre det fell under dei føremåla som har generell dispensasjon i verneforskrifta (til dømes redningsaksjonar, politi- og forsvarsverksemd m.v). Søknadsprosessen vil vere som ved motorferdsel. Enkel og grei søknad som gjev dei naudsynte opplysningane vert sendt til Fylkesmannen sitt postmottak eller til verneområdeforvaltar. Søknad må vere skriftleg. Med vedtekne retningslinjer for desse søknadane kan verneområdeforvaltar handsame dei fleste søknader etter delegert mynde. Tvilstilfeller og større prinsipielle saker bør leggest fram for styret.

Søklarar bør planlegge godt og søkje i god tid.

## **RS 4/2017 Besøksstrategi – status**

Forvaltar orienterte styret om status på besøksstrategi, som ligg hjå Miljødirektoratet for fagleg godkjenning før høyring.

Styret forventar at framlegget ligg føre til neste møtet, klart til å sende det ut på høyring.

## **RS 5/2017 Presentasjon av reportasjer frå artikkelserie**

Forvaltar presenterte reportasjane som Arve Sandal har skrive. Det vert no jobba med layout og publisering på nett, som eit nettbasert magasin.

## **ST 9/2017 Eventuelt**

- Neste styremøte vert fredag 24. nov, jamfør tidlegare oppsett møteplan.  
Sentrale saker vert søknad om tiltaksmidlar for 2018, besøksstrategi og å vedta retningslinjer for drone.  
Møtet vert truleg i Bremanger kommune.
- Forvaltar skal undersøkje om Miljødirektoratet planlegg nasjonalparkkonferanse eller anna kompetanseheving for styra i 2018. I so fall er det ein fordel å få dato so tidleg som muleg.